

I Uskedalen har du alt!

Det er ikkje vi som har sagt det, setningen kjem frå Øystein Ormåsen som leia den store nasjonale fjellsportsamlinga til DNT i fjor. Den hadde Rabben som base og 80 fjellsportentusiastar frå heile landet var med. I siste nummer av Noregs største friluftsmagasin Fjell og vidde, som har eit opplag på 125 000, er det ein stor reportasje om samlinga.

Ormåsen viser i intervjuet i Fjell og vidde til at Uskedalen har enormt mange klatremogelegheiter som enno ikkje er oppdaga. og i tillegg flotte fjellturar for dei som ikkje vil klatra. I tillegg har du sjøen like ved, slik at kajakkpadling med flotte fjell på alle kantar er lett tilgjengeleg, legg han til.

Målet med denne samlinga er å skapa ein arena for utprøving av aktivitetar ein kanskje ikkje har mogelegheiter for på heimlege trakter. I tillegg er det artig og inspirerende å treffe likesinna frå andre kantar av landet, held Ormåsen fram. Årets nasjonale samling skal gå i Lyngen.

Ormåsen opplyser i reportasjen at han kjenner Uskedalen godt ettersom han har studert i Bergen, No reiser han hit ganske ofte.

Redaktør Sandra Lappegard skriv mellom anna at Uskedalen har relativt lite kjente ruter da det er eit ungt klatrefelt som ikkje har vore så mykje vitja før dei siste åra.

- Men nydelig klatring i fast og fin granittstein gjer at vi vil ha meir, skriv ho etter klatreturen sin..

Av Ola Matti Mathisen